

KOMMUNEPLAN HJELMELAND 2025-2037

Høringsutkast. Framlegg frå kommunestyret 20.2.25, sak 12/25



Innhold

KOMMUNEPLAN HJELMELAND 2025-2037	1
O1 SAMANDRAG	3
02 INNLEIING	4
2.1 Kva er viktig for oss	4
2.2 Utviklingstrekk, prosess/medverknad.	4
2.3 Folkehelsestatus.	5
2.4 Kva forventar andre av oss	5
03 RAMER FOR PLANEN	6
3.1 Berekraftsmåla	6
3.2 Økonomi	6
3.3 Samferdsel	7
3.4 Samfunnstryggleik og beredskap	7
3.5 Aldersvenleg samfunn	8
3.6 Natur og klima	8
3.7 Kultur og kulturarv	9
3.8 God oppvekst	10
3.9 Frivillig innsats	10
04 VISJON, SATSINGSOMRÅDE OG MÅL	11
4.1 Visjon og satsingsområde	11
4.2 Mål	12
5 AREALSTRATEGI	15
5.1 Sosial berekraft	15
5.2 Økonomisk berekraft	15
5.3 Miljømessig berekraft	16

O1 SAMANDRAG

Hjelmeland Naturlegvis har vore Hjelmeland kommune sin visjon gjennom fleire planperiodar og vert vidareført i denne. Kommuneplanen er kommunen sitt viktigaste strategiske styringsreiskap . Ved revisjonen er det lagt vekt på å innarbeide berekraft som basis for heile planen. Dette gjeld både sosial, økonomisk og miljømessig berekraft.

Satsingsområda og hovudmåla frå tidlegare plan er også vidareført og supplerte med nye innafor samferdsel, klima og areal. Dokumentet er kommunen sin klimaplan. Den biten må supplerast med mål innarbeidd i økonomiplan/handlingsplan.

Det har vore ein omfattande medverknadsprosess der sju grendemøte gjennomført i november 2024 var kjernen. Meir enn 10% av dei busette i kommunen har vore med i denne fasen, med god spreing både geografisk og i alder. Born og unge sitt kommunestyre hadde framifrå drøftingar på møtet hausten 2024. Våren 2025 er det lagt opp til nye møte og involvering i planprosessen, i samband med høyringa.

Endringar i demografi krev nye løysingar. Fleire eldre og færre yngre gir nye utfordringar som krev andre løysingar enn dei me er vane med.

Ei vidareføring av trekantsamarbeidet offentleg, næringsliv og frivillig sektor vil vera avgjerande for å lukkast i framtida.



02 INNLEIING

2.1 Kva er viktig for oss.

Hjelmeland kommune er den nest største i Rogaland med sine 1068km². Folketalet har i innverande kommuneplanperiode vore svakt aukande, men samansetnaden av befolkninga er inne i ei stor endring. Det blir færre unge og fleire eldre. Dette gjer det viktigare enn nokon gong å gjera samfunnet attraktivt for unge å bu og leva i kommunen, samstundes med at ein utviklar eit meir aldersvenleg samfunn. Kommunen si hovudsatsing frå innverande planperiode står seg vidare:

Jobb og attraktivitet. Å leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

Attraktive lokalsamfunn er også noko kommunen sitt arbeid med «Innsatstrappa» har som ein hovudoverskrift. Klarer me å halde på og vidareutvikla gode, attraktive lokalsamfunn trass endring i samansetnad av befolkninga, så har me kome langt!

For å vareta endring i befolkningssamansetninga er det viktig at kommunen utviklar seg til å leggje forholda til rette for at innbyggjarane kan leve gode, sjølvstendige og aktive liv så lenge som mogleg. Det handlar om korleis me legg til rette for og utviklar nærmiljø, bustadar, møteplassar, transportløyningar og aktivitetar i bygdene våre, slik at behova til den mangfaldige gruppa eldre innbyggjarar vert ivareteke

2.2 Utviklingstrekk, prosess/medverknad.

Frå 2019 til 2025 har det skjedd mykje i Hjelmealand. Ryfast er i drift og syter for ein dyr, men saumlaus kontakt med bylandet. Me har gjennomlevd år med pandemi. Laksen har delvis «gått på land» med etablering av to store landbaserte oppdrettsanlegg. Kommunen og delar av næringslivet har fått miljøfyrtårnsertifisering og går i front for å tenkja sirkulærøkonomi. Hjelmealand er blitt lokalmat-og siderkommunen, med fleirårig premiering på Gladmatfestivalen og mange individuelle premieringar i nasjonale og internasjonale matkonkurransar. I kjølvatnet av «Hjelmealand Naturlegvis»-satsinga er det også lagt vekt på å skapa fleire aktivitetar og møteplassar.

Rekruttering av arbeidskraft til både kommune og næringsliv er blitt ei større utfordring, og litt mange hus blir til fritidsbustadar i staden for bustad til nye familiar. Andel hjelmelandsbuar med røter i utlandet er høgare enn i samanliknbare kommunar, og nokre av bygdene slit med folketalutviklinga. Bygging av nye bustadar, og utvikling av eldre bustadfelt går treigt. Næringslivet satsar aktivt og slit til dels med å skaffa arbeidskraft.

Det frivillige Hjelmealand gir eit svært viktig bidrag til lokalsamfunnet gjennom å driva ei rekkje varierte aktivitetar innan idrett, kultur, friluftsliv og beredskap.

I samband med arbeidet med denne kommuneplanen er det gjennomført møter i alle sju grendene der folk har drøfta felles framtid og kome med idear. Kommunen har også motteke ei rekke innspel frå lag, privatpersonar og bedrifter i forhold til tankar om framtida. Også barn og unges kommunestyre har jobba med desse framtidsspørsmåla. Gjennom kontaktmøte med lag

og foreningar er viktige spørsmål knytt til samfunnsplanen og friviljug innsats drøfta. I samband med høyringsfasen av planen er det lagt opp til nye infomøter og anna type medverknad.

For å rusta seg for framtida er kommunen i 2025 inne ein utgreiingsfase med sikte på ein meir nyansert og effektiv omsorgsteneste. Dette inneberer å gå frå to til eit omsorgssenter. Synkande barnetal gjer også at ein ser på ei meir effektiv organisering av oppvekstsektoren.

2.3 Folkehelsestatus.

Folkehelsa i kommunen kan fortelje noko om den kommunale planlegginga vår, og den seier også noko om lokalsamfunna våre. I folkehelseoversikta for Hjelmeland i 2023 vart det fokusert på fire spesielt viktige område, desse er *demografi, barn og unge si psykiske helse, utdanning og arbeid og livsstil og helse*. Hjelmeland er relativt gjennomsnittlege på mange indikatorar som vert nytta for å kartlegge folkehelse, men me har trekt fram nokre som me meiner det er viktig å jobba spesielt med framover. I denne samanheng peikar me på at det blir færre barn og unge, at andelen yrkesaktive på sikt vil gå ned, og at det blir fleire eldre, jfr. utfordringar nemnde i avsnitt over.

2.4 Kva forventar andre av oss

Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2023-2027 (vedteke ved kongeleg resolusjon 20.6.23) gir føringar for det kommunale planarbeidet. Beredskap og jordvern er blant dei faktorane som er blitt meir vektlagt frå statleg hald.

Nye statlege planretningsliner om klima og energi, og om arealbruk og mobilitet, vart vedtekne midt i revisjonsprosessen (desember 2024). Desse gir også strenge føringar om korleis kommunane skal planleggja for framtida.

Rogaland fylkeskommune har ei rekke plandokument som også er førande for Hjelmeland. Det kan her særleg nemnast Regionalplan for areal og transport i Ryfylke, Heiplanen og regionalplan for kulturmiljø.



03 RAMER FOR PLANEN

3.1 Berekraftsmåla



Berekraftsmåla er dei grunnleggjande for kommunen si satsing i framtida. Berekraftsmåla handlar om fleire dimensjonar; sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Alle tre dimensjonane er viktige for Hjelmeland med mange mindre lokalsamfunn, få innbyggjarar og mykje areal.

I tilknytning til hovudmåla i kap 4, er det referert til nokre av berekraftsmåla direkte. Berekraftsmåla ligg og i botn for arealstrategien i kap 5.

3.2 Økonomi

Ein sunn økonomi er ein føresetnad for at kommunen også i framtida kan vera ein utviklingsaktør i lokalsamfunnet.

Det er samanhengen mellom store lån, lågt disposisjonsfond og lågt driftsresultat som gir utfordringar for kommunane ifølgje Riksrevisjonen. Samanhengen mellom desse tre indikatorane gir eit bilete av det økonomiske handlingsrommet og den økonomiske berekrafta vår.

Kommunen har vedteke følgjande måltal for å sikra sunn økonomistyring:

- Netto gjeldsgrad (gjeld i prosent av inntekter) – 75%
- Netto driftsresultat – minimum 2% av driftsinntekter
- Disposisjonsfond – 15% av driftsinntekter

Hjelmeland kommune har pr. 2025 god margin for ein berekraftig økonomi og skal kunna bera prioriterte satsingar i nokre år. Utfordringa til Hjelmeland kommune er store investeringar i kai og ny ungdomsskule, og dessutan sårbarheit for svingingar i kraftmarknaden. Hjelmeland kommune bruker alt overskot frå sal av konsesjonskraft for å saldera eit høgt driftsnivå. På bakgrunn av dette og den demografiske utviklinga kommunen står i med auka del eldre og færre i arbeidsfør alder må kommunen dei neste åra omstilla drifta.

Hjelmeland kommune bidreg også med midlar for å fremja kommunen og næringslivet vårt både innan reiseliv, marknadsføring, lokalmat og anna næringsstøtte, mellom anna gjennom midlar frå kraftfondet. I tillegg blir det satsa på bustadbygging både i privat og offentleg regi.

3.3 Samferdsel

Attraktive lokalsamfunn er avhengige av best mogleg infrastruktur. I botn ligg trygge og gode vegar, i tillegg må det vera råd å skaffa transport internt i bygda, i kommune og ut av kommunen. I Hjelmeland er både stat (RV13), fylket (fylkesvegar), kommune (kommunale vegar) og private (private vegar) med på å halda oppe ein akseptabel vegstruktur. Bompengesatsen i Ryfast er eit hinder for næringstrafikk og pendlarmuligheter.

Sjøvegs transport er avhengig av trygge farleder og tilfredstillande kaiar. Rogaland fylkeskommune (Kolumbus) er ansvarlege for passasjertransporten med buss og hurtigbåt, og Statens vegvesen er ansvarleg for ferjene. Kommunen prøver ut ordningar med seniortaxi og ungdomstaxi.

I samband med planarbeidet er det gjennomført ei reisevaneundersøking.

Tilfredstillande straumnett med nok kapasitet er ein føresetnad for utvikling og det grønne skiftet.

Tilfredstillande dekning for mobilnett og annan nettstruktur er også heilt nødvendig. Pr 2025 er Hjelmeland i ferd med å slutføre fiberutbygginga med dekning til heile kommunen.

3.4 Samfunnstryggleik og beredskap

Hjelmeland har ved inngangen til planperioden ein beredskapsplan vedteken i kommunestyret sak 106/24 med tilhøyrande heilskapleg ROS-analyse frå 2023 (ksak 118/23). Desse dokumenta er gjeldande frå 2024-2028. Den heilskaplege ROS-analysen (kommuneROS) vert lagt til grunn ved utarbeiding av arealdelen.

Heilskapleg ROS skal gi kommunen oversikt over risiko og sårbarheit. Han skal og vera eit beslutnings- og kunnskapsgrunnlag for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap. Gjennom arbeidet med heilskapleg ROS får ein kunnskap om og forståing for:

- Ikkje ønska hendingar som kan inntreffe og korleis dei påverkar kommunen
- kommunen sine ambisjonar for samfunnstryggleik, samfunnsverdiar og de tenester og funksjonar som må fungera for å beskytte verdiane
- risiko og sårbarheit på tvers av tenestoområde/funksjonar, og mellom aktørane som har ansvar for samfunnstryggleik
- kommunen si myndighetsrolle og handtering av risiko og sårbarhet
- langsiktige mål, strategiar og prioriterte tiltak for å styrke samfunnstryggleiken i kommunen, særleg i samfunns- og arealplanlegging i kommunen.

Kommunen er førebudd på å handtere uønskte hendingar, og utarbeidar overordna beredskapsplan med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen. Overordna beredskapsplan inneheld m.a.

- oversikt over rollefordeling
- tiltakskort for hendingar som kan inntreffe,

- tilhøyrande andre krise- og beredskapsplanar som smittevernplan
- plan for etablering av EPS (evakuert og pårørande senter)
- plan for krisekommunikasjon mv

Den overordna beredskapsplanen i kommunen samordnar og integrerer andre beredskapsplanar i kommunen. Den skal òg vere samordna med andre relevante offentlege og private krise- og beredskapsplanar.

Oppdatert heilskapleg ROS-analyse skal alltid leggjast til grunn ved utarbeiding av arealplanar. Dei same vurderingane vert ein del av arealstrategien (kap 5)

3.5 Aldersvenleg samfunn

Fellesskap og meistring - bu trygt heime (st meld 24/22-23) er basis for den statlege «Bu trygt heime»-reforma. Reforma har fire satsingsområde:

- Levande lokalsamfunn som gir grunnlag for aktivitet og fellesskap
- Tilpassa butilbod og høve til å bu trygt i eigen heim lengre
- Kompetente medarbeidarar
- Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande

Dette gir føringar også for kommunen sitt arbeid på dette feltet. Reforma følgjer opp tidlegare satsingar med namn som «Leve heile livet» og «Aldersvenleg samfunn».

Kommunen er våren 2025 i gong med omstillingsprosjekt for å greia ut om det let seg gjera å utvikla eit omsorgssenter i staden for to.

3.6 Natur og klima

Parisavtalen er ein internasjonal avtale om klimapolitikk frå 2015. Han vart vedteken som ein juridisk forpliktande avtale, og nesten alle FN sine medlemsland har slutta seg til avtalen. Føremålet med avtalen er «å styrke den globale responsen på trusselen som klimaendringene utgjør». Avtalen etablerer et mål om å avgrensa temperaturstigninga på kloden til «godt under 2grader C». I Noreg er avtalen følgd opp med ein eigen lov – «Klimaloven» av 2017. I tillegg har me statleg planretningsline om klima og energi. Klimaloven har lovfesta at Noreg skal kutta klimautsleppa med 55% (utgangspunkt 1990) innan 2020, og at landet skal vera eit lågutsleppssamfunn innan 2050.

Naturavtalen (Montreal) kom på plass i 2022. Eit viktig punkt i den avtalen er at landa forpliktar seg til å verna 30% av all natur på land innan 2030. I tillegg skal 30% av all natur som er delvis øydelagt verta restaurert innan 2030.

I Hjelmeland er over 25 % av landarealet varig verna som naturvernområde, hovudsakleg gjennom dei to stor landskapsvernområda Vormedalsheia og Lusaheia. Gjennom arbeidet med kommunedelplan for naturmangfald (pågår 2025) vert det lagt strategi for lokale satsingar.

3.7 Kultur og kulturarv

Kulturaktivitetar, friviljug innsats og historieforteljing er viktige element i attraktive lokalsamfunn og identitetsutvikling.

Kommunestyret har gjennom plan for kulturminne og kulturarv (2017) formulert denne målsettinga for kulturarbeidet i Hjelmeland:

Gjennom å halda ved like og å gjera den lokale kulturarven levande, skal me bidra til å utvikla bygdene. Slik vert området vårt ennå meir interessant og meir triveleg å bu i og besøka.

Kort sagt: Me vil fortelja om Hjelmeland si historie og gjera den interessant for folk flest.

Fylkeskommunen har vedteke regionalplan for kulturmiljø og der er Hjelmelandsvågen, naust i Tytlandsvik og Ramsfjellgardane med.

Ryfylkemuseet utfører viktig kulturhistorisk arbeid i kommunen, særleg gjennom museumstunet Vigatunet .

Riksantikvaren har i sin oversikt “Kulturlandskap av nasjonal interesse” (KULA) med området frå Valheim til Viglesdalen.

Gjennom arkeologiske funn er kommunen sett på kartet, og samarbeider med Arkeologisk museum i Stavanger. Sølvringar frå vikingtida har dei siste åra kome særleg i fokus, sjå bilete nedst på sida.

Det vert arbeidd med kulturarven gjennom bygdebokprosjekt, sommarutstillingar og jubileumsmarkeringar.



3.8 God oppvekst

Kommunen vil leggja til rette for at barn og unge får ei trygg oppvekst. Barnekonvensjonen er viktig føring, med fokus på barnet sitt beste, og at dei vert høyrde i saker som angår dei.

Barn og unge skal få eit best mogleg utgangspunkt for å meistra kvardagen sin, fullføra vidaregåande utdanning og verta rusta for vaksenlivet. For å følgja opp barn og unge mest mogleg inneber dette m.a. fokus på:

Tidleg innsats og førebyggjande arbeid

Tverrfagleg samarbeid

Samarbeid med heimane

Inkluderande og mangfaldige lokalsamfunn, for å unngå utanforskap

Leggja til rette for at barn og unge får ein aktiv og medverkande kvardag

3.9 Frivillig innsats

Frivillig sektor er langt på veg nøkkelen til suksess i Hjelmeland. Gjennom friviljug arbeid har folk ei meiningsfull fritid, og mange viktige samfunnsoppgåver vert løyste. Det gjeld særleg innafor kulturlivet, men også innsats innafor område som beredskap, omsorg, inkludering og praktisk dugnad.

Kommunen har vedteke ein eigen friviljugstrategi som ligg i botn for samarbeidet med friviljug sektor. Frivilligsentralen koordinerer arbeidet. Ved aukande behov kan det opprettast fleire frivilligsentralar.

Frivillig arbeid er den viktigaste arenaen for inkludering av nye innbyggjarar og ein føresetnad for å byggja eit aldersvenleg samfunn.

04 VISJON, SATSINGSOMRÅDE OG MÅL

4.1 Visjon og satsingsområde

Visjon: Hjelmeland Naturlegvis

Hjelmeland Naturlegvis har i seinare tid vorte synonymt med kommunen si prosjektsatsing innafor samfunnsutvikling, særleg innafor kultur og lokalmat. Det er viktig å lyfta opp «Hjelmeland Naturlegvis» som ein fellesnemnar for heile Hjelmeland. Visjonen fortel at

- Mykje skjer i Hjelmeland i dag – meir enn du trur!
- Potensialet for framtida er stort!
- Me vil vidareutvikla næringslivet i Hjelmeland – og det er og vil vera i stor grad basert på naturressursane våre.
- Me må ta vare på produksjonsgrunnlaget, som er naturen vår
- Me har ein fantastisk og innhaldsrik naturarv. Meir enn 250km² – rundt 25 av arealet i kommunen er varig verna!
- Me ser fram til å halda fram med å nytta naturen (både nærområde og det litt lengre borte) til fritidsaktivitetar som turar, jakt og fiske

SATSINGSOMRÅDE:

Jobb og attraktivitet. Me skal leggja til rette for vekst i folketalet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

Visjon og satsingsområde har vore kommunen si rettesnor over fleire planperiodar.

Den «heilskaplege innsatstrappa» i Hjelmeland viser grad av inngripen i innbyggerane sine liv



Figuren over viser Innsatstrappa.

4.2 Mål

HOVUDMÅL 1: SAMARBEID PÅ TVERS

Me skal vidareutvikla «trekantsamarbeidet» offentleg, privat og frivillig sektor. Dette for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketalet

Kommunen er ikkje svaret på alt. Viss det offentlege saman med det friviljuge kan finna løysingar, får me til meir. Næringslivet gir støtte til friviljug sektor, og når alle tre sidene i trekanten skaper noko saman, blir det bra.

Berekraftsmål: 11 Berekraftige byar og lokalsamfunn

16 Fred rettferd og velfungerande institusjonar

17 Samarbeid for å nå måla

HOVUDMÅL 2: NÆRINGSUTVIKLING

Me vil ha næringsutvikling med basis i eksisterande næringar, og der reiseliv vert særskilt vektlagt.

Råstoffbaserte næringar som oppdrett og sand og grus er dominerande i kommunen saman med landbruk. Tenesteyting, handel og service er også sentralt. Den teknologiske utviklinga går lynraskt. Kommunen ynskjer å leggja til rette for ei vidare utvikling av næringslivet. Samstundes må ein ta vare på produksjonsgrunnlaget og bevare attraktiviteten i lokalsamfunna. Folk skal både ha jobb og eit attraktivt bumiljø.

Berekraftsmål: 1 Utrydde fattigdom

8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst

9 Industri, innovasjon og infrastruktur

12 Ansvarleg forbruk og produksjon

HOVUDMÅL 3: ATTRAKTIVE OG INKLUDERANDE LOKALSAMFUNN

Me legg innsatstrappa til grunn for kommunen si satsing. Det betyr at me vil bidra til å skapa gode nabolag, attraktive bygder med fokus på inkludering og mangfald, samt aktivt sentrumsområde. Folk skal kunne bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg, m.a. gjennom framtidsretta og fleksible ordningar for passasjertransport. Gode møteplassar ute og inne er og nødvendig for å skapa attraktive og inkluderande lokalsamfunn.

Dette målet avspeglar det forholdet som har mest fokus i kommunen med tanke på endringar i demografi. Her er ein ser avhengig av innsats frå friviljug sektor, og at det vert mogleg å få til fleksible og gode småskala transportordningar.

Berekraftsmål: 3 God helse og livskvalitet

4 God utdanning

11 Berekraftige byar og lokalsamfunn

16 Fred rettferd og velfungerande institusjonar

HOVUDMÅL 4 KLIMAOMSTILLING

Me skal leggja til rette for kutt i klimautslepp i tråd med Parisavtalen, og gjera samfunnet vårt meir robust mot klimaendringar.

Hjelmeland skal sin del av ansvaret med klimakutt. I tillegg må det ei større satsing på klimatilpassing. Kommunen hadde i 2024 den høgaste gjennomsnittstemperaturen i landet gjennom målestasjonen på Fister.

Delmål:

- 1 Leggja klimatiltak som vilkår ved aktuelle innkjøp
- 2 Vektleggja kartlegging og handtering av overvatn
- 3 Bidra til å byggja ut infrastruktur for utsleppsfrie køyrety
- 4 For kommunale bygg i størst mogleg grad byggja om i staden for å byggja nytt
- 5 Leggja meir til rette for gåande og syklende
- 6 Støtta opp om næringsprosjekt knytt til sirkulærøkonomi
- 7 Vidareutvikla miljøfyrtårnkonseptet
- 8 Leggja til rette for meir skogplanting
- 9 Bidra til å redusera bruken av plast, spesielt gjennom egne innkjøp
- 10 Bidra til rydding av plast

Dette avsnittet er kommunen sin overordna klimaplan. Klimamåla skal innarbeidast i kommunen sin handlingsplan/økonomiplan, og reviderast regelmessig, minst kvart 4 år.

Kommunen er godt i gong med å justera kursen i tråd med delmåla over, m.a. ved å bli sertifisert og resertifisert som miljøfyrtårn.

Berekraftsmål: 9 Industri, innovasjon og infrastruktur

11 Berekraftige byar og lokalsamfunn

13 Stoppe klimaendringane

HOVUDMÅL 5 SAMFERDSEL OG INFRASTRUKTUR

Me skal arbeida for ein rimeleg, effektiv og fleksibel persontransport på land og sjø, og for gode og trygge vegar i og ut av kommunen. Me skal ha eit linjenett som syter for nok straum og kommunikasjonsnett til samferdselstiltak, næringsområde og anna. For å sikra mobilitet for seniorar, må ordninga med seniortaxi vidareutviklast.

Det betyr å vera aktive i forhold til stat og fylkeskommune i dei prosesser som gjeld samferdsel og kollektivtransport. Herunder pådrivar for å utvikla nye eller alternative løysingar, gjerne i samarbeid med fylkeskommunen, friviljug sektor, næringslivet og andre. Det same gjeld for anna infrastruktur, som straumnett, mobilnett mv.

I tillegg må det jobbast få ned prisen i Ryfast, og kommunen skal vera pådrivar for etablering av kollektivløysingar nordover, og for betre løysingar mot Stavanger.

Berekraftsmål: 7 Rein energi til alle

8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst

11 Berekraftige byar og lokalsamfunn

HOVUDMÅL 6 BEREKRAFTIG AREALSTRATEGI

Me skal ta vare på naturmangfaldet og produksjonsgrunnlaget. Arealbruken må også ta omsyn til og tilpassast endringar i klima. Me skal gå gjennom gjeldande reguleringsplanar og prioritera mogleg oppheving/endring i forhold til strategien under. Nye innspel til kommuneplanen sin arealdel skal vurderast på same vis.

Sjå meir om arealstrategien i kapitel 5.

Berekraftsmål: 6 Reint vatn og gode sanitærforhold

9 Industri, innovasjon og infrastruktur

11 Berekraftige byar og lokalsamfunn

14 Livet i havet

15 Livet på land

5 AREALSTRATEGI

Arealstrategien skal byggja opp under måla og strategiane i samfunnsdelen og gje overordna føringar for kommunen si utvikling i eit langsiktig perspektiv. For Hjelmeland kommune er det viktig at me, gjennom bruk og vern av areal, sikrar at me tek vare på vår eigenart, samtidig som me legg til rette for vekst og utvikling.

Prinsippa om sosial, økonomisk og miljømessig berekraft skal leggjast til grunn saman med dei statlege retningslinene om arealbruk og mobilitet.

5.1 Sosial berekraft

Me skal styrkja den **sosiale berekrafta** i kommunen gjennom følgjande arealstrategiar:

- Me skal leggja til rette for auka busetjing og god trivsel i kommunen gjennom å vidareutvikla grendene som attraktive møteplassar. Hjelmeland skal vidareutviklast som eit framtidssretta og fleirfunksjonelt kommunesenter der ein finn gode service- og kulturtilbod
- Det skal vera muleg å byggja bustadar i alle bygdene. Hovudutbygginga av bustader skal vera i gå/ sykkelavstand til grendesentra. Me skal leggja til rette for at det kan byggast varierte bustader, som tek vare på mangfaldet i befolkninga og som passar til ulike livsfasar
- Me skal vurdere eksisterande bustadreserve i forhold til gjeldande folketal og forventa utvikling i den aktuelle bygda, dvs. meir samsvar mellom reserve og behov.
- For å sikra moglegheit for bustadbygging i grendene, skal me vidareføra område sett av til spreidd bustad- og næringsbygging
- Me skal syta for at barn, unge, eldre og funksjonsnedsette sine interesser vert tatt omsyn til i arealplanlegginga i kommunen. Universell utforming, tryggleik og god tilgang for alle skal vektleggast.
- Me skal leggja til rette for folkehelse og trivsel gjennom å sikra gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken av der folk bur
- Me skal involvera innbyggjarane

5.2 Økonomisk berekraft

Me skal leggja til rette for ei **økonomisk berekraftig** arealutvikling:

- Me skal ha tilgjengelege næringsareal i kommunen og sørgja for god utnytting av nye og eksisterande næringsareal. Det skal leggjast vekt på gjenbruk av areal framfor å ta i bruk nytt. Næringsareal på sjø og land skal vurderast i forhold til konfliktpotensial mot andre brukarinteresser
- Me skal sikra eit levedyktig landbruk, som tek vare på verdiskaping og kulturlandskap, gjennom ei streng forvaltning av jordvernet
- Me skal leggja til rette for bygging av fritidsbustader i kommunen, men utbyggingsreserven skal vurderast opp mot forventa behov/utvikling . Størstedelen av utbyggingsreserven i den aktuelle krins i kommunen skal vere realisert før nye område blir lagt ut
- Me skal ta vare på kulturminne og kulturmiljø for å bevare vår eigenart, men og som ein ressurs for reiseliv og næringsutvikling

- Me skal forvalta areala langs Nasjonal turistveg på ein måte som held oppe og styrkar natur- og kulturopplevingane for turistar og fastbuande.
- Gjennom konsekvensutgreiing levert av utbyggjar/tiltakshavar skal områda i kommunedelplan byggeråstoff vurderast for vidareføring til kommuneplanen sin arealdel.

5.3 Miljømessig berekraft

Me skal leggje til rette for ei **miljømessig berekraftig** arealutvikling:

- Før ein legg til rette for nye byggeområde skal det føreliggja eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag om naturfare og naturmangfald
- Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde. Me ynskjer også å redusera dagens omsynssone til 25m langs sjø/vassdrag.
- Det skal leggjast vekt på at område for bustader og fritidsbustader har rom for blå-grøne strukturar som skal redusera risiko for naturfare, skapa trivsel og ta vare på naturkvalitetar.
- Me skal plassera utbyggingsområde, og utvikla desse, slik at dei toler konsekvensar av klimaendringane, som til dømes auka risiko for flaum, vind, stormflo, skred og steinsprang.
- Me skal finna balansen mellom vern og bruk, ved å ha tydelege skilje mellom dei store natur- og utmarksområda og utbyggingsområda. Grensa mot heia/fjellet går ved skoggrensa. Det skal ikkje planleggjast nye utbyggingsområda over skoggrensa.
- Me skal ha ei restriktiv haldning i 100-metersbeltet langs sjø. Det skal likevel kunne leggjast til rette for kystbasert næringsutvikling og natur- og kulturbasert næringsutvikling.
- Me skal avklara bruken av sjøareala med å framleis setja av område til friluftsliv, fiske, natur, trafikk og akvakultur. Arealbruken skal ta omsyn til vassforekomsten sin miljøtilstand, naturmangfald i sjø og andre allmenne interesser.